

SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

Den kulturelle skulesekken



Vedlegg til skulekonserten "Kouame møter borna"

BRUK KONSERTEN!

På denne konserten vil du få eit glimt inn i Kouame Sereba sitt store musikalske leikeunivers, samtidig som du får oppleve musikaliteten og rytmikken direkte på kroppen. Rytmane vert leika fram ved stemmebruk, ved å klappe/trampe og ved hjelp av afrikanske djembetrommer og andre rytmeinstrument.

1 SAMTALE

Snakk med elevane om konserten Kouame møter borna. Spørsmål kan vere:

- Kva instrument spelte Kouame på?
- Kvar kjem han frå?
- Kjenner elevane til landet han kjem frå?
- Kva slags musikk spelte han?
- Hadde dei høyrte noko av musikken frå før?
- Kva historier fortalde Kouame?
- Handla konserten om noko særskilt?
- Kva stemning kunne ein oppleve på konserten?
- Kva forstår vi med rytme?
- Er det nokon som spelar rytmeinstrument i klassen, i så fall kva for type instrument?

2 TEIKNE SAMAN

Elevane kan gå saman to og to, med kvart sitt blanke ark. Elevane teiknara på kvart sitt papir med utgangspunkt i konserten dei har opplevd. Følgjande sitat frå Kouame kan eventuelt vere eit utgangspunkt:

"På språket mitt (Gban) i Elfenbenskysten finst det ikkje eit eige ord for å synge, å spele eller å danse. Berre "Sah", som er alt på ein gong - samhald, glede, fest, rytme, song, musikk og tromming!"

Elevane kan også verte oppmoda til å assosiere, fabulere og vere abstrakte når dei teiknar. Etter 30 sekund byter dei ark med sidemannen, og teiknar vidare på sidemannen si teikning. Etter nye 30 sekund byter dei ark igjen. Dette held ein på med i tre minutt. Øvinga kan også gjerast ved at arket vert sendt rundt i heile klassen. Deretter kan ein snakke med elevane om teikningane og stille ulike spørsmål, som td.:

- Kva var det fyrste elevane teikna?
- Kva hende med teikninga på vandring mellom to elevar, eller på reisa rundt i klasserommet?
- Korleis vert vi påverka av andre sine val?
- Kva var utgangspunktet for teikninga, og kva vart resultatet?
- Opplegget kan utvidast med at alle elevane i klassen teiknar på same teikning, anten på eit stort ark eller på eit lerret. Saman lagar dei då eit bilete som seinare kan hengast opp i klasserommet.

3 KVIFOR?

- Elevane vert gjennom teikninga bevisst på og inspirert av medelevane sitt skapande arbeid
- Elevane skapar sine egne tolkingar av konsertopplevinga gjennom bilete
- Elevane lærer seg å ta omsyn til kvarandre og til å samhandle om ein aktivitet

Set gjerne saman alle teikningane til ei bok, eller send dei gjerne til fylkeskommunen (e-post til oyvind.lyslo@sfj.no) som ei tilbakemelding på konserten (vi vil også gjerne ha tilbakemelding på konserten gjennom nettsidene våre).

Teikningane kan også fungere som inspirasjon til vidare skapende arbeid.